

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 12.03.2019 KL. 12.15 – 14.00

Til stades: Jens Eike Schnall (leiar), Agnete Nesse, Gunnstein Akselberg, Erik Bjerck Hagen, Gisle Selnes (for Christine Hamm), Juliane Tiemann og Fredrik Parelius. Juliane Tiemann forlét møtet kl. 13.00.

Forfall: Henning Laugerud

Frå administrasjonen: Håvard Ø. Peersen (skrivar)

Saker:

- I Godkjenning av innkalling:
Innkallinga vart godkjent utan merknader
- II Godkjenning av referat frå møtet 23.10. 2018:
Referatet vart godkjent utan merknader

SAK 1 Forskargruppene, samlingsane og forskarskulane sine årsrapportar 2019 (vedtakssak)

Gisle Selnes gjorde merksam på ein trykkfeil i årsrapporten frå forskargruppa for radikal filosofi og litteratur: Overskrifta «Planer for 2018» skal vere «Planer for 2019».

Agnete Nesse kommentert at meldingane ikkje følgjer nokon standardisert mal, og spurte kva som er føremålet med dei. Eike Schnall svara at føremålet er tredelt: 1) meldingane skal vere ein dokumentasjon over aktiviteten i forskargruppene, 2) meldingane gjev instituttet eit grunnlag for å gjere strategiske val om forskingssatsingar og 3) meldingane gjev fakultetet eit grunnlag for å gjere strategiske val om forskingssatsingar, jf. fakultetets utlysning av midlar retta mot forskargruppene i februar 2019.

Vedtak (samrøystes):

FFU tek årsrapportane til orientering.

SAK 2 Forskarutdanningsmelding 2018 til fakultetet (vedtakssak)

Det vart presisert av forskarutdanningsmeldinga gjeld stipendiatane sin situasjon. For postdoktorane er instituttet sitt oppfølgingsansvar nedfelt i individuelle karriereplanar.

Vedtak (samrøystes):

FFU stiller seg bak forslaget til forskarutdanningsmelding for 2018.

Meldinga følgjer referatet som vedlegg.

SAK 3 Midtvegsevaluering i forskarutdanninga (diskusjonssak)

Følgjande synspunkt vart fremja i diskusjonen:

- Innlevert tekst kan til dømes vere ein artikkel, eit kapittel eller eit lengre utdrag eller utkast. Lengd av innlevert tekst bør vere mellom 30 – 50 sider. (Dette til forskjell frå meisterklassen der ein på eit seinare stadium diskuterer ferdige kapittel).
- Det var semje om at oppfølging av stipendiatane ikkje må bli overbyråkratisert, men det kom fram ulike synspunkt på korleis fagmiljøa til kandidatane kan informerast og involverast i midtvegsevalueringa.
- Saka vil bli lagt fram att for FFU når utkast til fakultetet sitt ph.d.-program ligg føre. Stipendiatrepresentanten Fredrik Parelius bad om at ein då undersøker kva ordningar som gjeld ved andre universitet.

SAK 4 Orienteringssaker

a) Tilsetting i og utlysing av stipendiatstillingar

Julian Eduardo Valle er tilsett som stipendiat ved BFS-prosjektet, og Mikkel Paulsen er tilsett som stipendiat ved Språksamlingane. Begge tek til i stillingane i byrjinga av april. Det vert ikkje lyst ut nye universitetsstipend i år.

b) NFR – orientering om prosessen fram mot hovudsøknadsfristen 10. april

Håvard orienterte. Det ligg an til å bli sendt seks søknader om forskarprosjekt frå LLE, og to om treårige mobilitetsstipend. Instituttet har sett 27. mars som intern frist for å ha ferdig utkast til komplette søknader.

c) STIP-HF undersøking om pliktarbeid

Undersøkinga er fullført, rapporten kjem snart.

d) Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Bergen

I møte 29.11.2018 vedtok Universitetsstyret revisjon av ph.d.-forskrifta ved UiB.

Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Bergen er kunngjort på

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-11-29-1869>

Nytt program for forskarutdanning ved Det humanistiske fakultetet vart handsama av FFU ved fakultetet 12.11.2018. Etter planen skal programmet leggjast fram for Universitetsstyret våren 2019.

e) Arbeidsgruppe for vurdering av opplæringsdelen i ph.d.-programmet.

Arbeidsgruppa er nedsett. På LLE var fagkoordinatorane bedne om å ta opp med fagmiljøa røynsler knytte til kurset i vitskapsteori, og eventuelt endringsframlegg.

f) Planar for ph.d.-driven konferanse i Bergen i regi av den nasjonale forskarskulen LingPhil

Gunnstein Akselberg orienterte.

SAK 5 Ymse

Det vart meldt to saker til ymse:

Gisle Selnes påpeika problem med treig sakshandsaming på fakultetet når det gjeld tilsetting av postdoktorar, og oppmoda om at instituttet ber fakultetet om å gjennomgå sine rutinar.

Det å vere mentor for ein postdoktor er ei viktig oppgåve. Instituttet vart bedt om å vurdere om tid brukt på å vere mentor skal inngå i arbeidstidsrekneskapen.

Vedlegg:

FORSKARUTDANNINGSMELDING 2018

Vedteke samrøystes av Forskings- og formidlingsutvalet ved LLE 12.03. 2019

LLE ser positivt på innføring av nytt ph.d.-program ved fakultetet, og er innstilt på å tilpassa oppfølging av forskarutdanninga til det nye programmet. Med tanke på det vil det vera ei føremon med mest mogeleg felles malar, rutinar, retningslinjer og eventuelt utfyllande reglar for fakultetet.

Rettleiaropplæring

Instituttet har fokus på rettleiing i møte med ph.d.-kandidat og rettleiar(ar) tidleg i kandidaten sin ph.d.-periode. *Rettleiarforum* vart etablert i 2017 for å vera ein intern arena for erfaringsutveksling og diskusjon av aktuelle problemstillinga knytt til rettleiing på ph.d.-nivå, og tanken var at dette forumet skulle bidra til rettleiaropplæring ved instituttet. Dette arbeidet er ikkje følgt opp i 2018. Instituttet ser positivt på dei fakultære og UiB-sentrale tiltaka som vert gjort i samband med rettleiaropplæring, og vil støtta aktivt opp om tilbod som kjem derfrå.

Tiltak for kandidatar som har stått lenge i programmet

I vinter har instituttet teke eit initiativ overfor ph.d.-kandidatar som har stått lenge i programmet. Målet har vore å reaktivere «sovande» prosjekt og gje ei positiv oppmuntring til kandidatar som ønskjer å fullføra forskarutdanninga, samt skriva ut kandidatar som eventuelt ikkje viser interesse for å stå i forskarutdanningsprogrammet. Det er sendt brev til aktuelle kandidatar der instituttet mellom anna tilbyr meisterklasse/sluttseminar som eit tiltak for å fremja ferdigstilling av avhandlingane. Dei aktuelle kandidatane har fått frist til 1. mars 2019 med å melde attende til instituttet. Saka vil verta vert følgt opp i samråd med fakultetet.

Elles har instituttet innført ei ordning der ph.d.- kandidatar som går «over tida» må søkja om forlenging i doktorgradsprogrammet. Ein felles HF-rutine for oppfølging av kandidatar i denne situasjonen er ønskeleg.

Karriererettleiing

LLE har auka fokus på å leggja til rette for individuelle karriereutviklingsprogram både for ph.d.- og postdoktornivå. LLE følgjer opp deira forskings- og karrieremål og sikrar at dei får råd om karriereplanlegging, publikasjonsstrategi og tidsplanlegging. Dette skjer både i ramme av rettleiinga for ph.d., rapportering / midtvegsevaluering og medarbeidarsamtaler og via ei nyinnført mentorordning for postdoktorar, dvs. ein erfaren forskar vert mentor for dei. Postdoktorane si karriereutvikling støttast via kvalifikasjonarplanar som vert fulgt opp, bl.a. via møte med mentor, medarbeidarsamtaler, og administrativ oppfølging gjennom årlege rapportar.

Oppfølging av framdriftsrapportering

Forskingsleiar og administrativ ph.d.-koordinator går gjennom alle framdriftsrapportane og vert samde om kor det er trong for særskilt oppfølging og korleis ein skal gå fram. Det er i hovudsak

forskingssleiar som følgjer opp dei «vanskelege» sakene som t.d. gjeld framdrift i kandidaten sitt prosjekt eller utfordringar knytt til rettleiingssituasjonen eller kandidaten sitt pliktarbeid. Instituttleiar har alltid tilgang til framdriftsrapportane, og det hender han er med i oppfølginga, særskilt viss sakene gjeld personal eller HMS.

Elles så sjekkar administrativ ph.d.-koordinator om det er samsvar mellom i informasjon gitt i framdriftsrapportar og informasjon som er registrert i FS. Ein kan t.d. sjå at ein kandidat melder om to eller tre rettleiar i framdriftsrapporten, medan det kanskje berre er formelt oppnemnt ein rettleiar. Eller ein kandidat kan kryssa av for at opplæringsdelen er fullført, medan ein ser at det er mangelfull registrering av studiepoeng i FS. I slike tilfelle vert det teke initiativ til formalisering og registrering.

Me prøver å gje alle kandidatar ei tilbakemelding på framdriftsrapportane deira. Dei alle fleste kandidatane får ein personleg e-post med nokre oppmuntrande ord, samt informasjon som er aktuell i tida som kjem t.d. informasjon om opplæringsdelen, midtvegsevaluering, meisterklasse, sluttamtale eller anna (her har me standardinformasjon som vert tilpassa den einkilde kandidaten). Nokre kandidatar vert følgt opp med eigne møter/samtalar eller kanskje i tilknytning til midtvegsevaluering eller sluttamtale, og desse kandidaten vil gjerne ikkje oppleve å ha fått direkte respons på framdriftsrapporten sin.

Midtvegsevaluering

Midtvegsevaluering vert gjennomført halvvegs i kandidaten sin avtaleperiode. Kandidat og rettleiarar vert varsla om midtvegsevalueringa om lag eit halvt år i førevegen, og formell innkalling vert sendt ut nokre veker før midtvegsevalueringa. Midtvegsevalueringa går føre seg i eit møte der kandidat, rettleiar(ar) og komité er til stades. Komiteen er sett saman av forskingsleiar, administrativ ph.d.-koordinator og ein representant frå kandidaten sitt fagmiljø. Før møtet skriv kandidat og hovudrettleiar kvar sin rapport, og i sjølve møtet gjev kandidaten ein presentasjon (maks 15 min.) av avhandlingsarbeidet. Avhandlingsarbeidet vert så drøfta og kandidaten får innspel. Eventuell oppfølging og tiltak vert notert i eit kort referat. Det er vanleg at ansvar for eventuell oppfølging vert lagt til kandidat og rettleiar.

I FFU ved LLE har det vore semje om at midtvegsevaluering med fordel kan ha ei større fagleg tyngde enn ho har i dag. Dette høver godt med utkast til nytt ph.d.-program, der det er lagt opp til at kandidatane både skal skriva rapport, levera tekst og presentera avhandlingsarbeidet i samband med midtvegsevalueringa. Omlegging av midtvegsevalueringa vil verta drøfta i FFU ved LLE og sett i verk våren 2019.

Sluttseminar/meisterklasse

Instituttet har eit mål om at alle ph.d.-kandidatane får tilbod om meisterklasse/sluttseminar. Tilbodet vert i dag administrert av dei to lokale forskarskulane som IF og LLE har saman. Det faglege opplegget er noko ulikt. I den eine forskarskulen har meisterklassen meir form som eit «sluttseminar» der arrangementet ligg mot slutten av kandidaten sin ph.d.-periode og «meisteren» gjerne les utkast til heile avhandlinga. I den andre forskarskulen ligg meisterklassen tidlegare i kandidaten sin ph.d.-periode og mindre delar av avhandlinga vert gått gjennom (t.d. utkast til ein artikkel eller 1-2 kap.).

Felles for begge er at meisterklassane/sluttseminara vert gjennomført som opne arrangement der alle tilsette ved IF og LLE vert invitert, og i tillegg held gjerne «meisteren» ei gjesteføreling. Meisteren er oftast ekstern, og institutta dekkjer utgifter til reise, opphald og honorar. Det varierer nok litt i kva grad kandidatar og rettleiarar er kjende med tilbodet om meisterklasse/sluttseminar, og ikkje alle ynskjer å nytta tilbodet. I 2018 vart det skipa til meisterklassar for 6 kandidatar ved LLE i [Forskarskulen i litteratur, kultur og estetiske fag](#). [Forskarskulen i språkvitskap og filologi](#) hadde 2 meisterklassar i 2018.

Pliktarbeid

Fakultetet sitt skriv om pliktarbeid (frå juni 2011) dannar grunnlaget for oppfølging av stipendiatane sitt pliktarbeid. Når stipendiaten tek til i stillinga vert det utarbeidd ein grov plan for stipendiaten sitt pliktarbeid. Stipendiat, hovudrettleiar og fagkoordinator utarbeider planen, alle tre signerer, og deretter vert pliktarbeidsplanen levert inn for godkjenning ved instituttet. LLE sin rutine for oppfølging av pliktarbeid er skildra på instituttet si [nettside](#).

Stipendiatane vert oppmoda om å sjølv halda oversikt over pliktarbeid som er gjennomført. Innføring av eit rapporteringssystem for stipendiatane sitt pliktarbeid har vore drøfta, men instituttet har ikkje kome vidare med dette. I arbeidet med handlingsplan for forskarutdanninga ved LLE vart det trekt fram at det bør utarbeidast retningsliner for å sikra at kandidatar får lik utteljing i pliktarbeidet på tvers av ulike fag, og at det bør utviklast ei liste med moment som kan vera nyttige i planlegging av kandidatane sitt pliktarbeid.

Internasjonalisering

Instituttet har ein relativt stor internasjonal søkjarmasse til dei utlyste stipendiatstillingane. Fem av dei ti nye stipendiatane som vart tilsett i 2018 er utanlandske statsborgarar.

Instituttet oppmodar alle nye ph.d.-kandidatar sterkt om å vurdere eit utanlandsopphald i ph.d.-perioden, og det vert lagt til rette for dette ved planlegging av stipendiatane sitt pliktarbeid. I 2018 har to ph.d.-kandidatar hatt lengre utanlandsopphald, begge var i Tyskland med støtte frå Meltzerfondet. På grunn av den økonomiske situasjonen avvikla instituttet ordninga med reisestøtte for stipendiatar i 2017, og stipendiatane er såleis avhengig av økonomisk støtte frå eksterne kjelder. Me ser det som viktig å kunna gje råd om aktuelle finansieringskjelder, og skulle gjerne hatt lettare tilgjengeleg informasjon om aktuelle finansieringskjelder på både norsk og engelsk.

Elles ha fleire av ph.d.-kandidatane ved LLE siderettleiar ved eit utanlandsk universitet, og i meisterklassane vert oftast internasjonale ekspertar invitert til å bidra. Dette er tiltak som bidreg til å utvida kandidaten sitt internasjonale nettverk. Det er elles ønskjeleg at alle ph.d.-kandidatane på instituttet skal vera med på ein eller fleire internasjonale konferansar, og dei aller fleste får denne erfaringa i ph.d.-perioden. Kandidatane vert oppmoda om å reisa ut i ramma av lærarutveksling (ERAMUS og andre program).